

Gunnilla Bjeréen:

*Migration to Shashemene.  
Ethnicity, gender and occupation  
in urban Ethiopia.*

Scandinavian Institute of African  
Studies, Uppsala 1985, 291 pp.,  
ISBN 91-7106-245-9.  
SEK 100,-.

Korleis skal ein vurdere ein studie av flytting til ein liten landsby i Etiopia i åra før revolusjonen i 1974? Ein god generell test på ei bok kan vere om du etter å ha lese den har lyst til å lære meir om det emnet boka tek opp. Etiopia er eit samfunn eg truleg ikkje visste meir om enn gjennomsnittsnordmannen. Etter å ha lese denne boka veit eg ikkje berre meir enn før, eg kunne òg ha god lyst til å studere nærmare nokre av dei spanande spørsmåla som dukka opp under lesinga.

I Etiopia er det til dømes eit overskot av kvinner i byane. På den måten liknar landet Europa og ikkje andre afrikanske land der fleirtalet av bybuarane er menn. Det viser seg at i Etiopia er dette fleirtalet stort sett generert av kvinner frå amhara kulturen som saman med tigray-folket er overklassen i den etniske rangordninga. Overskotet av amhara-kvinner i byane synest ha samband med det særmerkte ekteskapssystemet/kjønnsrollemønsteret (der prostitusjon synest ha ein legitim plass) til amhara-folket. Men kva er det ved dette folket som gjer kjønnsrollemønsteret deira ulikt dei fleste andre folk eg har høyrte om? Svar finn eg ikkje her og Gunnilla Bjeréen (GB) har heller ikkje teke sikte på å svare på slike spørsmål. Det ho starter ut med er det enkle spørsmålet om kvifor folk flytter til byen i store mengder når det (nesten) ikkje er arbeid å finne i byen. Studien av Shashemene er diktert ut frå ønsket om å finne ut noko om dette. Data vart samla inn i perioden 1972-73. Da var Shashemene ein raskt veksande by utan innslag av moderne industri, men med gode kommunikasjonar.

Kva er det så som får folk til å flytte til byen? Når folk flytter til byen og skaffar seg mat på eit eller anna vis burde dette vere eit faktum godt nok til å så tvil om utgangspunktet: - at der ikkje er arbeid. I vår ryddige vestlege kvardag var arbeidsplassar noko som fanst i formelle system, offentlege byråkrati og privat-eigde bedrifter. Midt i sekstiåra vart det imidlertid klart for arbeidsøkonomar som studerte utviklingsproblem at ein måtte skille mellom ein formell økonomi og ein uformell økonomi. Ikkje lenge etter «oppdaga» ein så at den same uformelle økonomien også eksisterte i våre industrialiserte storbyar. Det er derfor ikkje å undrast over at storparten (60-70%) av arbeidsplassane i etiopiske byar finst i denne sektoren av økonomien. Som utviklingsmotor fungerer sjølvsgatt den uformelle sektoren på same måten som den formelle sektoren: aktivitet i basis-næringar genererer aktivitet i næringar som yter tenester anten direkte til basisnæringane eller til reproduksjonen av arbeidskrafta i basisnæringane. Når aktivitetssystema slik gjensidig gir vekstimpulsar til kvarandre, blir det skapt åpningar som kan fyllast av nye rekruttar til byens befolkning.

Slik sett - og på dette abstraksjonsnivået - er historia om flyttingane til Shashemene velkjent og svaret på GB sitt åpningsspørsmål beintfram at i byane fanst det arbeidsplassar og folk kom rimelegvis til desse fordi dei meinte dei ville kunne få ei betre framtid her enn der dei var før. Men dette svaret er ikkje GB nøgd med (og om ho det hadde vore, ville det vel heller ikkje vorte noko doktoravhandling utav studien).

For det første: er det no så sikkert at dei økonomiske verknadane av flytting til byen (betre økonomi) har så mye å gjere med motiva for å flytte i første omgang (årsaka til flyttinga)? Og for det andre: gitt at det finst åpningar i byen for innflyttarar, kven er det så som flytter? Kvar kjem dei frå og korleis finn dei fram til åpningar i den uformelle økonomien?

Etter kvart som ein les, vik det vel-

kjente flyttebiletet plass for undring over det framandslege og ukjente samfunnet Etiopia (som har ei kontinuerleg og kjent historie like lang som vår eiga). I århundre etter århundre ser det ut til at flytting har vore ei livsform. Kvegfolk har følgd flokkane etter kvar beita var. Handelsmenn reiste frå marknad til marknad. Hæren var stadig på flytting, det same var hovudstaden. Den vart flytt får by til by i fleire hundre år. Dagens kulturmønster og flytterørslar er sjølv-sagt forma av denne fortida. T.d. finst det ein praksis for korttidsekteskap. Om ein mann skal vere ei kortare tid på ein stad kan han for betaling leve saman med ei kvinne denne tida. Dei ulike kulturane ser ut til å vere forma slik at det er vanskeleg for menn å leve aleine. Dei må ha ei kone. Det finst også ein ekteskapspraksis med polygyni der folk som reiser regelmessig mellom fleire opphaldsstader har ei kone på kvar stad. Nokre har utvikla ein praksis med å ha ufruktbare koner i byane mens dei har barn med kona som bur på landet, etter seiande for å unngå strid mellom arvingar. Men sjølv-sagt, mange flytter òg som heile familiar slik vi er vant til det. Dei ulike praksisane når det gjeld familie- og ekteskapsmønster er knytt til kultur-mønsteret i ulike etniske grupper. Etnisk bakgrunn gir seg utslag både i typen av flyttingar og i mulighetene for å utnytte ulike nisjer i den uformelle økonomien. Samtidig verkar dei etniske skillelinene til å forsterke band mellom folk av samme kultur når det er mellom fram- ande, til å kanalisere flyttestraumar mellom ulike lokalitetar og til å regulere tilgangen til ulike åpningar i dei uformelle arbeidssystema. Over tid har dette gjort at ulike yrke har vorte meir eller mindre til spesialitetar for ulike etniske grupper. Amhara/tigray-folka sin overklassestatus og dominans av militærvesenet og statsapparatet går attende til den tida da dei erobra og la inn under keisardømmet dei andre folka i landet. Ved betre utdanning og kontroll av statsapparatet var dei tidleg i 1970-åra i

stor grad i stand til å halde på overklassestatusen.

Basisnæringane i bysystemet i Etiopia ser ut til å vere militærvesenet og statsapparatet i den formelle sektoren og handelen i den uformelle sektoren. I alle tre næringane er geografisk mobilitet ein integrert del, dels av funksjonelle årsaker og dels av karrieremessige. Når nye åpningar dukkar opp anten ved dødsfall eller ved ekspansjon, fører dette til flyttekjeder som dreg mange med seg, dels som familieflyttarar og dels gjennom impulsar til dei avleida næringane.

Noko av det mest karakteristiske for bybuarane i Etiopia synest vere mangelen på tilknytting til nokon bestemt stad. Folk reknar med å flytte. Dette gjeld òg i stor grad folk frå landsbygda. Og eg kan igjen ikkje la vere å undre meg: korleis har dei ordna eigedomssystema sine? Ein sentral del av den bufaste kulturen vår er jo knytt til forsvaret av eigedomsretten til jord.

Bjerén har levert ein forskningsrapport som går inn i problema omkring byvekst i Etiopia på ein enkel og ryddig måte og med stor sans for problem knytt til kvaliteten på data (ein del av studien er lagt opp som ein kvalitetskontroll av den offentlege statistikken som er basert på generelle utvalsundersøkelser). No må det vel seiast at problemstillinga studien tar utgangspunkt i er noko forelda. Dette gjer at framstillinga til tider blir keisam. Men eg fann likevel studien hennar interessant både gjennom den innsikt den gav om Etiopia, og for det perspektiv den gir på vårt eige samfunn. Sidan revolusjonen i 1974 har snudd om på mange av føresetnadene for dei flytterørslene ho registrerte, trur eg at studien i dag har størst interesse om den blir sett inn i eit komparativt perspektiv der ein vil samanlikne ulike stratifikasjonssystem som t.d. kjønnsroller, sosio-økonomisk status og etnisitet. Og her gir den kanskje betre grunnlag for å stille spørsmål enn for å gi svar.

*Erling Berge*